I plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2019, som blei vedteken av kommunestyret i juni 2016, er «oppfølging av politiske vedtak» på lista over aktuelle prosjekt. Kontrollutvalet starta hausten 2017 prosessen med å gjennomføra ein slik forvaltningsrevisjon. Rogaland Revisjon IKS utarbeidde ein prosjektplan etter utvalet sitt ønskje.

Kontrollutvalet vedtok i møtet 09.11.17, i sak 21/17 følgjande:

Suldal kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Oppfølging av politiske vedtak» i samsvar vedlagte prosjektmandat med tillegg om at det blir tatt med saker frå 2015.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei ramme på 200 timar.

Føremål og problemstillingar

Utvalet bad revisor sjå nærare på desse problemstillingane:

- *Kva for system og rutinar har administrasjonen for oppfølging og iverksetting av politiske vedtak? Korleis vert det utarbeida restanselister?*
- *Kva for system og rutinar har administrasjonen for tilbakerapportering til folkevalt nivå om status for oppfølging av vedtak?*
- *I kva for ein grad har tiltak om innsparingar vorte vedteken og sett i verk? Har dei hatt ynskt effekt?*
- *Kva for vedtak vart fatta av kommunestyre, formannskap og hovudutval i 2015 og 2016 og kva er status på oppfølginga av dei?*
- *Gjeve at det vert avdekt manglar i gjennomføringa av vedtak*
 - o Kva er årsakene til at vedtaka eventuelt ikkje er gjennomført?*
 - o Kva har eventuelt vore konsekvensane?*

Med dette som utgangspunkt har Rogaland Revisjon IKS gjennomført prosjektet. Rapporten er verifisert og rådmannen si tilbakemelding er innarbeida i rapporten. Rapporten ble mottatt av sekretariatet 23.08.18.

Rapporten

Rapporten inneheld innleiingsvis eit samandrag av hovudbodskapen i revisor sine funn, inkludert revisor sine tilrådingar. Rådmannen sin uttale finn ein på sidene 8 - 9. Føremål og problemstillingar vert presentert i kapittel 1.1, revisjonskriterier og metode i kapittel 1.2. Hovuddelen av rapporten finn ein i kapittel 2. Vurderingar og anbefalingar i kapittel 3. Vedlegget inneheld utfylgjande dokumentasjon.

Revisjonen har følgjande hovudbodskap og tilrådingar

- *Ta ein gjennomgang av dei eldste sakene på rådmannens oppfølgingsliste for å få ei avklaring på korleis dei skal handsamast vidare.*
- *Vurdere ei endring i rutinane for sakshandsaming i Websak slik at sakene formelt vert avslutta ved å nytta vedtakskoden «saka er iverksatt».*
- *Gjere ei vurdering av informasjonen på sidene «Politikk og organisasjon/ møter og sakspapir» med sikte på å gjere det enklare for lokalsamfunnet å følgje med på den politiske saksgangen frå vedtak til saka er ferdig iverksatt.*

Rådmannen sine kommentarar

Rådmannen seier i sin kommentar at Rogaland Revisjon IKS har gjort «*Rapporten gir ei god skildring av praksisen administrasjonen har når det gjeld oppfølging av politiske saker*».

Rådmannen har punktvis kommentert kvar av tilrådingane frå revisor, og kommentert punktet om «oppfølging av byggeprosjekt».

Konklusjon

Resultatet av forvaltningsrevisjonen viser at kommunen har potensiale til forbetring, då rapporten avdekkjer område som det bør og kan gjerast noko med.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunestyret gjere vedtak om å følgja revisor sine tilrådingar.

Ein forvaltningsrevisjonsrapport skal systematisk bli fylgd opp for å sikre at forvaltninga set i verk tiltak for å rette opp påviste avvik/manglar og kontrollutvalet må sørgje for at kommunestyret sine vedtekne merknader til rapporten vert følgd. Det vert tilrådd at slik oppfølging skjer frå 6 til 12 månader etter at rapporten er vedteken av kommunestyret.

Det er kommunestyret som fattar endeleg vedtak i saka. Forskrift om kontrollutval slår fast at kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret i saker angåande forvaltningsrevisjon.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK OG INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Suldal kommunestyret har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Oppfølging av politiske vedtak» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Aksdal, 30.08.18



Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	26.04.18	09/18
Kontrollutvalet	06.09.18	14/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ORIENTERING OM PERSONVERNLOV – SVAR FRÅ RÅDMANNEN

Saksvedlegg: skriv frå rådmannen, dagsett 30.08.18

Bakgrunn:

Suldal kontrollutval gjorde følgjande vedtak i møtet 26.04.18, sak 09/18:

Suldal kontrollutval ber rådmannen svara skriftleg på spørsmåla om status for arbeidet med ny personvernlov til neste møte, samt deltar i møtet for å kunne utdjupe svara.

Rådmannen sitt svar følgjer som vedlegg til saka. Han vil også delta i møtet for å orientera og svara på spørsmål.

Saksorientering:

EU sin personvernforordning, General Data Protection Regulation (GDPR), vil tre i kraft for alle medlemsstatar i EU, også for Norge, truleg i løpet av 2018. Dette vil medføre ei rekkje endringar i norsk personvernlovgjeving. Datatilsynet har laga ei punktliste som viser kva dei nye personvernreglene kan bety for verksemda. Meir informasjon er å finne i denne lenka: <https://www.datatilsynet.no/regelverk-og-skjema/nye-personvernregler/>

Sekretariatet har delteke på konferansar/samlingar om den nye personvernlova, og har i den samanheng fanga opp ein del problemstillingar som det kan vere fornuftig at kontrollutvalet tek opp med rådmannen, for å forsikre seg om at kommunen er i gang med naudsynete tilpassingar.

I eit brev dagsett 04.05.18 bad sekretariatet rådmannen svara skriftleg på nokre spørsmål angående arbeidet med å tepasse den nye personvernlova. Det gjaldt følgjande spørsmål:

1. *Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?*
2. *Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?*
3. *Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?*
4. *Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?*
5. *Er personvernerklæringa oppdatert?*
6. *Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?*
7. *Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema?*

Kontrollutvalet må vurdere om det er meir utvalet vil ta med i vedtaket, basert på svara i tilbakemeldinga og orienteringa gjeve i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Suldal kontrollutval tek rådmannen si tilbakemelding om kommunen sitt arbeid med innføring av ny personvernlov til orientering.

Aksdal, 30.08.18



Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Rådmannen

Haugaland kontrollutvalssekretariat IKS
Pb 57
5575 AKSDAL

Haugaland
Kontrollutvalssekretariat IKS
Mottatt dato: 30.08.18
Journalført: 18/259/egl
Arkivkode: 216

Dykkar ref.

Vår ref.
04/2319-251 18/10713
Turid Vaage

Arkivkode:
K1 - 026

Dato:
30.08.2018

SPØRSMÅL VEDR. PERSONVERNLOV

Kontrollutvalet gjorde 26.04.2018 følgjande vedtak i sak 09/18:

Suldal kontrollutval ber rådmannen svara skriftleg på spørsmåla om status for arbeidet med ny personvernlov til neste møte, samt deltar i møtet for å kunne utdjupe svara.

Sender difor svar på spørsmåla under.

1. Er det peika ut nokon som jobbar med ny personvernlov?

Ja. Turid Vaage, leiar servicetorg er personvernombod. Vidare er det sett ned ei arbeidsgruppe på personvern som består av personvernombod, løns og personalsjef Tordis Kristin Tobiassen, arkivar Torill Kvæstad og it-konsulent Bjørn Vidar Nielsen. Gruppa har møte kvar 14. dag. Vidare er det samarbeid innad i dei fire RITS-kommunane (Ryfylke IT Samarbeid) mellom personvernomboda med jamnlege møte, samt at personvernombodet er med i nettverksgruppe for personvernombod på Haugalandet.

2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?

Ja. Dette er gjort i fellesskap i RITS våren 2018, med ein felles database der samtlege behandlingar som er felles for minst 2 av dei fire kommunane er registrert. Kartlegging av lokale behandlingar, dvs behandlingar som berre gjeld Suldal kommune, er neste steg i dette arbeidet som skal arbeidast med i haust. Dette er viktige grep for å kunne vere i stand til å oppfylle krav om innsyn i personopplysningar i kommunen.

3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?

Det vert fortløpande inngått databehandlaravtalar. Rutinen er at desse går til sjekk hos personvernombodet før rådmannen signerer.

4. Er det oppretta personvernombod/rådgjevar?

Ja. Dette er foreløpig Turid Vaage, leiar servicetorget.

5. Er personvernerklæringa oppdatert?

Ja. Denne vart oppdatert i juli 2018 og ligg på heimesida til Suldal kommune.

Postadr.
Eidsvegen 7, 4230 SAND
Besøksadresse

Sentralbord
52 79 22 00
Direkte tlf.

Telefaks
52 79 22 25
E-post
postmottak@suldal.kommune.no

Bankgiro
Org. nr.

6. Er det innebygd personvern i kommunen sine datasystem?

Både ja og nei, dette kjem an på korleis ein definerer innebygd personvern. I sak/arkiv systemet til kommunen, websak, er det gode verktøy for tilgangsstyring. Sakshandsamar må i utgangspunktet bli gitt tilgang til saker for å kunne få tilgang, og ein har enkel kontroll med kven som har opna og lest dokumenter ved logging av all aktivitet. Helseprogrammer har også godt innebygd personvern, mens ein del andre program ikkje har like god funksjonalitet på dette området. Innebygd personvern er ei viktig vurdering når nye datasystem skal kjøpast inn. Leverandørane av datasystem arbeider fortløpande med å få sine produkt i tråd med ny lovgiving. Det skal også gjerast ein jobb med å gå gjennom alle skjema kommunen nyttar for å sikre at ein ikkje samlar inn for mykje personinformasjon.

7. Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å testa datasystema?

Nei. Dette er ikkje vurdert. Datasystema til Suldal kommune er styrt av RITS, som ikkje har sett dette som ei prioritert oppgåve. Datatryggleik på alle felt er sjølvsagt ei stor prioritet for it-avdelingane.

Med helsing

Øyvind Valen
rådmann

Turid Vaage
Leiar servicetorget

Dette dokument er elektronisk godkjent og treng derfor inga underskrift.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	06.09.18	15/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2018

Vedlegg: «Vurdering av oppdragsansvarleg revisors uavhengighet overfor Suldal kommune» av 26.06.18 – frå Rogaland Revisjon IKS

Saksorientering:

Kommunelova § 79 og forskrift om revisjon (revisjonsforskriftene) kap. 6 (§§ 13 – 15) slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal være uavhengig til den reviderte verksemd.

Forskriftene slår også fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet. Ifølgje kommunelova § 79 skal den som gjer revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ein slik tilknytning til kommunen at den kan svekke revisor si sjølvstende og objektivitet. I tillegg seier forskriftene §§ 13 og 14 noe om dei krav som vert stilt for at revisor skal være uavhengig, og dei grenser som gjeld for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Vurdering:


I følgje revisjonsforskriftene § 15 skal oppdragsansvarleg revisor årleg, og elles ved behov, gje ein skriftleg eigenerklæring av si sjølvstende til kontrollutvalet. Krav til sjølvstende og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som pliktar å leggje fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Sekretariatet har motteke vedlagde fråsegn, der revisor Cisel T. Aarrestad gjer greie for si sjølvstende overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i revisjonsforskriftene. Det går fram at det ikkje ligg føre noko som tilseier at revisor ikkje er uavhengig når det gjeld forholdet til Suldal kommune. Fråsegna vert gitt på revisor sitt eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men takast til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Suldal tar den framlagde eigenerklæring for 2018 frå oppdragsansvarleg revisor Cisel T. Aarrestad, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

Aksdal, 30.08.18



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Vår saksbehandler:
Cicel T. AarrestadVår dato:
26.06.2018

Vår referanse:

Side:
1 av 3**Til kontrollutvalget i Suldal kommune****Vurdering av oppdragsansvarlig revisors uavhengighet overfor Suldal kommune****Lov- og forskriftskrav**

I henhold til forskrift om revisjon (revisjonsforskriften) § 12 skal oppdragsansvarlig revisor for kommuner ha ført en hederligandel. Oppfølging av dette kravet tilligger kontrollutvalget, jamfør merknader til nevnte bestemmelse.

I følge revisjonsforskriften § 15 skal oppdragsansvarlig revisor hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget.

Følgende fremgår av kommuneloven § 79:

Den som foretar revisjon for en kommune eller fylkeskommune kan ikke ivareta revisjons- og kontrolloppdrag for kommunen eller fylkeskommunen dersom revisor eller dennes nærstående har en slik tilknytning til revidert eller kontrollert virksomhet, dens ansatte eller tillitsmenn, at dette kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet. Som nærstående regnes

- a) ektefelle og en person som vedkommende bor sammen med i ekteskapsliknende forhold,
- b) slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje og søsken, og deres ektefeller eller personer som de bor sammen med i ekteskapsliknende forhold og
- c) slektninger i rett oppstigende eller nedstigende linje og søsken til en person som nevnt under bokstav a).

Det samme gjelder dersom det foreligger særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av oppgavene. Ansettelse som revisor i kommunen eller fylkeskommunen, eller i en interkommunal samarbeidsordning, medfører ikke i seg selv at revisoren mangler nødvendig uavhengighet og objektivitet.

Krav til uavhengighet er nærmere spesifisert i revisjonsforskriften § 13.

- Revisor kan etter denne forskrift ikke inneha andre stillinger hos kommunen eller fylkeskommunen eller i virksomhet som den kommunen eller fylkeskommunen deltar i ved siden av revisoroppdraget.
- Revisor kan ikke være medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i.
- Revisor kan ikke delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiverne eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon.

I tillegg er det følgende begrensninger ved gjennomføring av oppgaver, jf. revisjonsforskriften § 14:

- revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
- revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges (dvs. kommunes) egne ledelses- og kontrolloppgaver
- revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstolloven.

Oppdragsansvarlig revisors vurdering av uavhengighet

Pkt 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i Rogaland Revisjon IKS.</i> <i>Rogaland Revisjon IKS har avtale med Cicel T. Aarrestad, enkeltmannsforetak, org. nr. 962493785, som reviderer oppdrag etter revisorloven hvor IKS-et ikke kan ha oppdraget. Selskapet leier ansatte i Rogaland Revisjon IKS iht. egen avtale, slik at ansatte kan få relevant praksis og dermed sin autorisasjon.</i>
Pkt 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organ i noen virksomhet som Suldal kommune deltar i.</i>
Pkt 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt 4: Nærstående	<i>Undertegnede har ikke nærstående som har slik tilknytning til Suldal kommune at det har betydning for uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet	Før slike tjenester utføres, foretas det en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art med hensyn til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt. Revisor besvarer løpende spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand, og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger. <i>Undertegnede har ikke ytt rådgivnings- eller andre tjenester overfor Suldal kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i>



Pkt 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver	<i>Undertegnede har ikke ytt tjenester overfor Suldal kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.</i>
Pkt 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede opptrer ikke som fullmektig for Suldal kommune..</i>
Pkt 8: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til uavhengighet og objektivitet.</i>

Stavanger, 26.06.2018

Rogaland Revisjon IKS

Cicel T. Aarrestad
Revisjonsdirektør/
statsautorisert revisor

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	06.09.18	16/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	212	

Ikkje offentleg (Offl. § 24)

PLAN FOR REKNESKAPSREVISJON 2018

Bakgrunn

Ifølge kommuneloven § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet ”*påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte*”. Tilsynet blir gjennomført bl.a. ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa dekkjer både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet. I denne omgang vil revisor presentere overordna revisjonsstrategi som viser korleis revisor planlegger årets revisjon.

Saksutredning

I følgje forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk, skal revisor årleg utarbeide ein plan for revisjon av rekneskapet. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføre for å kunne bekrefte rekneskapet.

Dette er eit internt arbeidsdokument, og blir derfor ikkje utlevert til kontrollutvalet. Revisor gir i staden ein munnleg orientering til utvalet om hovudtrekka i arbeidet.

Opplysningar som kjem fram i møtet er ikkje offentlege i medhald av Offentleglova § 24.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Suldal kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2018 til orientering.

Aksdal, 30.08.18

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	06.09.18	17/18

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

VAL AV NYTT REVISJONSPROSJEKT

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør på dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å bestille, slik at revisor sitt utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet kan handsamast i neste møte.

Saksorientering:

Prosjekt for gjennomføring av forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll skal bestillast med bakgrunn i vedtekne planar.

Ny plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019 blei etter innstilling frå kontrollutvalet vedteken av kommunestyret i juni 2016. Følgjande prosjekt er prioriterte i planen:

1. ~~Pleie og omsorg~~ (våren 2017)
2. ~~Innsparing, effektivisering og forenkling~~ (våren 2018)
3. ~~Oppfølging av politiske vedtak~~ (hausten 2018)
4. Klima og miljøplan
5. Skule- tilpassa opplæring og spesialundervisning
6. Sosiale tenester/NAV

og med følgjande uprioriterte område:

- Barnevern
- Legevakt
- Busetting og integrering av flyktningar
- IKT

Ny plan for selskapskontroll 2016-2019 blei vedteken av kommunestyret i oktober 2016. Følgjande prosjekt er prioriterte i planen:

1. Eigarskapsforvaltning
2. Rygijatun Eigedom AS
3. Krisesenter Vest IKS
4. Kommunekraft AS

Utvalet stiller seg positiv til å delta i prosjekt som vert initiert frå andre eigarkommunar.

Prosjektet om «Pleie og omsorg» er ferdig og blei handsama av utvalet i februar 2017. Det same gjeld prosjektet om «Innsparing, effektivisering og forenkling» som blei ferdig våren 2018. Prosjektet om «Oppfølging av politiske vedtak» er ferdig og blir handsama i september 2018.

Det vil vere opp til utvalet å velja kva for prosjekt ein ynskjer å setja i bestilling no. Utvalet er delegert mynde til å fråvika planane dersom det vert naudsynt.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll av «xxxxx» i neste møte.

Aksdal, 30.08.18



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	06.09.18	18/18
Kommunestyret	13.12.18	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	150	

KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2019

Vedlegg: framlegg til budsjett for 2019

Saksorientering:

Kontrollutvalet har eit lovpålagt ansvar for å utarbeide budsjettframlegg for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Sidan kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, skal kontrollutvalet sitt budsjettvedtak i følgje forskrifta leggjast fram for kommunestyret samstundes som kommunen sitt samla budsjett for 2019 vert vedteke.

Budsjettet skal omfatte alle utgifter knytte til kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen si samla verksemd. Dette gjer at kontrollutvalet har eit forplikta ansvar for budsjett og regnskap tilsvarende det dei enkelte resultateiningane i kommunen har. Forskrifta pålegg kommunen å ha ei forsvarleg revisjonsordning og eit uavhengig sekretariat. Budsjettframlegget omfattar derfor **lovpålagte** oppgåver.

I rapport "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane" er det gjeve slik tilråding:

- *Kommunestyra må setje av tilstrekkelege ressursar til kontrollutvalet sitt arbeid, mellom anna til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.*

Forskrift om kontrollutval § 18 seier følgjande om budsjetthandsaminga:

Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjetttramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapetets innstilling til kommunestyre".

Budsjettet er delt inn i hovudpunkta: utgifter til kontrollutvalet, utgifter til kjøp av sekretariat- og revisjonstenester.

1. Kontrollutvalet sine egne utgifter

Utgiftene er vidareført nokolunde som i inneverande år. Godtgjersla til utvalsmedlemmene er justert i tråd med kommunen sitt reglement. Budsjettet legg til grunn at det vert fire eller fem møte neste år. Talet på medlemmer er fem, og møta er på rådhuset. Det er lagt opp servering av enkel møtemat. Det er også lagt inn midlar til å sende representantar til kurs/møte i nettverk for kontroll og tilsyn.

2. Sekretariatet

Suldal kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS og kjøper sekretariattenestene herfrå. Representantskapet vedtok budsjettet for 2019 i møtet 23.04.18, sak 5/18. Budsjettet er utarbeidet på bakgrunn av selskapsavtalen, der det går fram at det skal betalast ein årleg fast grunnsom og etter medgått timeforbruk basert på eigardel. Kostnadane for Suldal neste år er sett til kr 177.000, som er ei auke på ca. 3 %. I prisen ligg all normal aktivitet i kontrollutvalet, frå sakshandsaming til utsending av innkallingar og utskrifter, arkivhald m.m.

3. Revisjonskostnader

Regnskapsrevisjonen vert utført innanfor fastsette lovkrav og til ein fast pris med gjeldande leverandør. I anbudet var det lagt opp til opsjon for kjøp av timer til forvaltningsrevisjon og andre kontroller med inntil 400 timar. Revisjonsutgiftene blir vidareført som i inneverande år.

For å oppnå gode resultat av forvaltningsrevisjonsprosjekt/selskapskontrollar, og at dei er nyttige for kommunen, vert det nausynt at dei økonomiske ressursane er tilstrekkelege.

Frå rapportena "**85 tilrådingar**" bør ein merke seg:

Kontrollutvalet får oppdraget sitt og finansieringa si frå kommunestyret. Kontrollutvalet har fått ei rekkje oppgåver i lov og forskrift, men det er kommunestyret som er ansvarleg for dei økonomiske rammene for eigenkontrollen, ikkje kontrollutvalet.

Arbeidsgruppa viser til at kommunestyret gjennom det overordna ansvaret, behandlinga av saker frå kontrollutvalet og fastsetjinga av budsjettet til utvalet set dei avgjerande grensene for kor god eigenkontrollen blir i kommunen. Der kommunestyret har teke ei avgjerd i strid med innstillinga frå kontrollutvalet, er det kommunestyret som har ansvaret, ikkje kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt samla budsjettframlegg

For oversyn over budsjettforslaget for 2019, sjå eige vedlegg. Kommunen betaler meirverdiavgift på kjøp av tenester frå revisor. Desse vert refundert, slik at denne posten skal gå i null. Det blir her sett opp eit samla budsjett på kr 1.182.000 eksklusiv mva for kontroll og tilsyn for 2019.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret. Forskrifta pålegg difor kommunen å sørgja for at kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret, slik at dette forslaget er kjent for kommunestyret når totalbudsjettet skal handsamast.


Sekretariatet forutset at **dersom** det skjer ein reduksjon i budsjettframlegget skal det skje av formannskap/kommunestyre i tråd med forskriftene og ikkje av administrasjonen. Dersom kommunestyret vedtar endringar i kontrollutvalet sitt budsjettframlegg må dette meldast til kontrollutvalssekretariatet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL INNSTILLING:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Suldal kommune for 2019 vert på i alt **kr 1.182.000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet (teneste 1100 funksjon 100/110)	kr	255 000
Kjøp av sekretærtjenester (teneste 1100 art 13750)	kr	177 000
Kjøp av revisjonstjenester (teneste 1100 art 13700)	kr	750 000
Totalt	kr	1 182 000

Aksdal, 30.08.18



Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

BUDSJETT 2019

KONTROLL OG TILSYN - SULDAL KOMMUNE

ART I KOSTRA	TEKST	UTVALET	SEKRE- TARIAT	REVISJON	BUDSJETT 2019	UTVALET SITT BUDSJETT 2018	Merk nader
80	Godtgjersle leiar	45 500			45 500	45 500	
80	Godtgjersle medlemmene	109 000			109 000	109 000	1
080	Tapt arbeidsforteneste	5 000			5 000	5 000	
099	Arbeidsgjevaravgift	20 000			20 000	20 000	
0	Lønsutgifter	179 500	-	-	179 500	179 500	
115	Servering	5 000			5 000	5 000	
140	Annonsering	2 000			2 000	5 000	
150	Kurs og opplæring	50 000			50 000	50 000	
160	Skyss og kostgodtgjersle	15 000			15 000	15 000	
195	Medlemskap og kontingenter	3 500			3 500	3 500	
1	Andre utgifter	75 500	-	-	75 500	78 500	
375	Kjøp frå Rogaland Revisjon IKS			750 000	750 000	670 000	2
375	Kjøp frå HKS IKS		177 000	-	177 000	172 000	3
	TOTALT	255 000	177 000	750 000	1 182 000	1 100 000	

Merknader:

1. Planlagt 4-5 møter (27200 kr x 4 medl.)
2. Omfattar rekneskapsrevisjon, samt inntil 400 timar til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll eks. mva.
3. Omfattar sekretariatstenester for utvalet sine møte